

## Årsmøte 2016

Tysdag 09.02.2015, kl. 16-17

Hamar dialekt- og mållag innkallar med dette til årsmøte **tysdag 9. februar kl. 16 - 17** i kantina på Høgskolen i Hedmark i Skolegata/Holsetgata. (Obs! Ikkje på Tante Gerda)

Det er ingen «spennande» saker på programmet, så vi reknar med at det blir eit kort og effektivt møte. Kantina på høgskolen stengjer klokka fire. Dersom ein ønskjer mat eller drikke under sjølve møtet, bør ein derfor komme litt før, eller eventuelt ha med mat seg på møtet. Det finst ein kaffiautomat i kantina der ein kan betale med mynt.

### Sakliste for årsmøtet:

1. Godkjenning av møteinnkallinga og saklista
2. Årsmelding
3. Rekneskap og budsjett
4. Aktivitetar i 2016? («arbeidsplan»)
5. Eventuelt

**Val** til styringsfunksjonar viser seg å vere ei utfordring i frivillige organisasjonar. Dette blei også diskutert på dei førre årsmøta. Styret har derfor ikkje lagt opp til nokon «valkampanje» i forkant av dette årsmøtet heller. Det sitjande styret med Jens Haugan (leiar), Nils Slapgård, Tove Ingrid Maurstad Tuko og Helen Johannessen (vara) stiller forhåpentlegvis til gjenval, og det er mogleg for fleire å bli med i styret dersom dette skulle vere ønskjeleg. Det er berre å ta kontakt før årsmøtet eller eventuelt også på årsmøtet.

Ta gjerne kontakt med oss i styret.



*Jens Haugan*  
Leiar

Verv nye medlemmer!



E-post: [jens.haugan@hihm.no](mailto:jens.haugan@hihm.no) – tlf. 911 95 432

E-post til alle i styret: [hamar-dml@jenshaugan.com](mailto:hamar-dml@jenshaugan.com)

Hamar dialekt- og mållag har egne nettsider ([Hamar-dml.no](http://Hamar-dml.no)) og ei gruppe på Facebook.

Dei som eventuelt ønskjer å støtte Hamar dialekt- og mållag økonomisk, kan gjere dette ved å overføre pengar til kontonr.: 1503.26.91959